



Villanger & Sønner As
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6557 - 17/7671

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.03.2017

Ferdigattest oppføring av garasje, støttemurar og flytting av avkøyrsløse - gbnr 185/290 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr: 101/17

Tiltakshavar: Kurt Arne og Solbjørg V. Natås
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 05.05.15.

Det er i søknad om ferdigattest lagt ved «as built» teikningar datert 10.02.16 som syner at det er sett inn dør i garasje i fasade mot aust samt vindauge på grunnplan i garasje i sørvendt fasade.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.02.17 og supplert 08.03.17.

Skildring

Adresse:	Orresteinen 4 A, 5916 Isdalstø
Bygningstiltak:	Garasje, støttemurar og flytting av avkøyrsløse
Bygningsnummer:	300575477
Bruksareal:	32,4 m ²

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjevne ferdigattest for garasje «as built», støttemurar og flytting av avkøyrsløse på gbnr 185/290.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6557

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kurt Arne Natås

Orresteinen 4 A 5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Villanger & Sønner As

KNARVIK 5914

ISDALSTØ